



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 37/2019

Møtedato: 20.11.19

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Faste tilskot, fornya behandling

Kommunerevisjon krev at fjellstyret sine tilskotsordningar blir teke opp til ny behandling minimum ein gong kvar fjellstyreperiode.

Fjellstyret vedtok i sak 2/16 å vidareføre følgjande tilskotsordningar:

1. Tilskot til utkøyring av stølspost: fjellstyret har dekkja halvparten av utgiftene, ca. kr 10.000.
2. Tilskot til gratis jegerprøve for ungdom: Varierende sum frå år til år avhengig av deltakarar, snitt kr 5000.
3. Tilskot til aggregat/straum: Tilskot på inntil kr 50.000 pr. bruk. Tilskotet har vore gjeve på vilkår av at kommunen gir tilsvarande tilskot. Vilkår for tildeling av tilskot er fastsett i sak 37/2008.
4. Tilskot til turmål, innkjøp av premie (kopp), ca. kr 10.000.

Kommunen gir ikkje lengre tilskot til stølspost og fjellstyret hadde det som vilkår at kommunen måtte dekke 50% av kostandane. Det vart ikkje derfor ikkje køyrt ut stølspost i 2018.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vidarefører følgjande tilskotordningar:

1. Tilskot til gratis jegerprøve for ungdom: Varierende sum frå år til år avhengig av deltakarar, snitt kr 5000.
2. Tilskot til aggregat/straum: Tilskot på inntil kr 50.000 pr. bruk. Tilskotet har vore gjeve på vilkår av at kommunen gir tilsvarande tilskot. Vilkår for tildeling av tilskot er fastsett i sak 37/2008.
3. Tilskot til turmål, innkjøp av premie (kopp), ca. kr 10.000.

Vedtak:

Fjellstyret vidarefører følgjande tilskotordningar:

1. Tilskot til gratis jegerprøve for ungdom: Varierende sum frå år til år avhengig av deltakarar, snitt kr 5000.
2. Tilskot til aggregat/straum: Tilskot på inntil kr 50.000 pr. bruk. Tilskotet har vore gjeve på vilkår av at kommunen gir tilsvarande tilskot. Vilkår for tildeling av tilskot er fastsett i sak 37/2008.
3. Tilskot til turmål, innkjøp av premie (kopp), ca. kr 10.000.

Vedtaket er einstemmig.

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument.

Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.11.19

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Revisjon